



Kap.9A i opplæringslova er ofte kalla «elevane si arbeidsmiljølov».

Denne lova vart endra frå 01.08.2017.

Det er viktig at alle tilsette kjenner til lovverket og kva dei betyr frå oppstart av skuleåret. Me har alt etablert gode rutinar og ein god praksis hjå oss der me tar på alvor elevane sitt skulemiljø. Dette er eit godt utgangspunkt for ei vidare god handheving av det nye regelverket.

For å sikra at de alle kjenner til lovverket og kva det betyr for de som tilsette, ber eg om at de les gjennom dette heftet og kvitterer at de har lese det på skjema som heng utafor døra mi SEINAST FREDAG 17.08.17 kl. 14.00.

Det er og viktig at de set dykk godt inn i dei nye ordens- og åtferdsreglane.

På felles planleggingsdag 14. august vil eg gå gjennom regleverket og dei nye ordens- og åtferdsreglane.

Mvh  
Leif Hopland



«Alle som jobber på skolen har en plikt til å sørge for at alle elever har det trygt og godt på skolen. Dette kalles aktivitetsplikten og består av fem delplikter. I tillegg har skolene en dokumentasjonsplikt. Fylkesmannen og Udir kan gi skolen tvangsmulkt hvis de ikke følger loven» (UDIR)

### Aktivitetsplikta gjeld alle tilsette:

- Plikt til å følge med (systematisk arbeid, «årvåkne blikk»)
- Plikt til å gripe inn (straks, i situasjonen, stoppe ei handling)
- Plikt til å varsle (ved **all** mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø)
- Plikt til å undersøkje (skal **alltid** undersøkje når ein elev seier frå om krenkingar eller at han/ho ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt)
- Plikt til å setje inn tiltak (skal ta tak i **alle** situasjoner der ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø)


### Det er og ei utvida aktivitetsplikt:

- Der tilsett krenkjer elev
  - «Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, **skal** vedkommande **straks** varsle rektor. Rektor **skal** varsle skoleeigar.» (mi utheving)
  - Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, **skal** skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga.

### Dokumentasjonsplikt:

Skulen har ei dokumentasjonsplikt på det som blir gjort. Når det skal setjast i verk tiltak, skal skulen lage ein skriftleg plan for dette. Skulen skal også dokumentere kva som er blitt gjort for å løyse saka.

Skulen skal ikkje sjølv lenger skriva enkeltvedtak. Det er det eventuelt Fylkesmannen som gjer etter klage. Fylkesmannen skal då først vurdere om skulen har gjennomført aktivitetsplikta si.



## **Opplæringslova kapittel 9a**

### **Opplæringslova § 9a-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø**

*Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

### **Opplæringslova § 9a-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid**

*Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.*

*Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.*

### **Opplæringslova § 9a-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt Skulemiljø**

*Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.*

*Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.*

*Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.*

*Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane sksal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.*

### **Opplæringslova § 9a-5 skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenker ein elev**

*Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkomande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren.*

*Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.*

Viser elles til:


- Lindås kommune sine retningsliner for eit systematisk arbeid med elevane sitt skulemiljø
- Alversund skule sine retningsliner og rutiner for eit systematisk arbeid med elevane sitt skulemiljø
- Handlingsplan mot mobbing
- Skulen sine ordensreglar

- Lindås kommune sine ordensreglar
- Handlingsplakaten
- Årshjul fellesaktivitetar (team)
- Årsplan for felles sosiale mål på skulen (team)
- Årshjul for samarbeid mellom kontaktlærar (skulen) og klassekontaktar (føresette) (trinn/team)
- I tillegg har skulen ein eigen handbok i rutineskildringar som er ei hjelp for dei tilsette/særleg lærarane til å forhalda seg til alle rutinar i kvardagen.

### **UTDRAG FRÅ LINDÅS KOMMUNE SINE RETNINGSLINER:**

#### **TILSETTE HAR ANSVAR FOR:**

- Å informere elevar og foreldre om retten til eit trygt og godt skulemiljø samt korleis dei skal melde frå om ein elev ikkje har det
- Å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø
- Å gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg
- Å varsle rektor ved mistanke om, eller kjennskap til at elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø (varsle same dag som tilsett har fått mistanke om, eller kjennskap til dette)
- Å delta i prosess for å undersøkje saka snarast mogleg (innan 24 timar frå kjennskap til saka)
- Å sørge for at involverte elevar blir høyrde i saka, og ta omsyn til kva som er best for elevane
- Å delta i arbeid med å lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak
- Å følgje opp tiltak i den skriftlege planen når ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- Å straks varsle rektor ved mistanke om, eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering (varsle same dag)
- Å straks varsle einingsleiar og kommunalsjef dersom det er ein i leiinga som står bakkrenkinga (varsle same dag)



	Innhald	Ansvar
--	---------	--------

<b>Lindås kommune sine retningslinjer</b>	Kjenne til innhaldet i retningslinene, særleg det alle tilsette har ansvar for – og arbeide etter det.	Alle tilsette
<b>Alversund skule sine retningslinjer</b>	Kjenne til innhaldet i retningslinene og arbeide etter det.	Alle tilsette
<b>Handlingsplan mot mobbing</b>	Skulen har eigen handlingsplan mot mobbing. Planen skildrar kva skulen gjer for å arbeida førebyggjande, for å avdekka mobbing og kva skulen og du gjer vidare i ei sak.	Alle tilsette
<b>Ordensreglementet</b>	Skulen har arbeidd ut sine lokale reglar for trivnad, orden og åtferd. Alle dei vaksne skal kjenna til, handheva og arbeida aktivt med elevane for å følgja desse opp.	Alle tilsette
<b>Aktivitetsplikta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Plikt til å følgje med (systematisk arbeid, «årvåkne blikk»)</li> <li>➤ Plikt til å gripe inn (straks, i situasjonen, stoppe ei handling)</li> <li>➤ Plikt til å varsle (ved <b>all</b> mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø)</li> <li>➤ Plikt til å undersøkje (skal <b>alltid</b> undersøkje når ein elev seier frå om krenkingar eller at han/ho ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt)</li> <li>➤ Plikt til å setje inn tiltak (skal ta tak i <b>alle</b> situasjonar der ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø)</li> </ul>	Alle tilsette
<b>Aktiv kartlegging</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Alle har ei plikt til aktivt å kartleggja risiko for krenkingar. Ver særleg merksam på: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Særleg utsette personar/grupper (kjønn/seksualitet, etnisitet m.m.)</li> <li>• Stader/områder – eksempelvis toalett, gangar, garderober m.m.</li> <li>• Situasjonar – eksempelvis overgangar</li> </ul> </li> </ul>	Alle tilsette
<b>Handlingsplakaten</b>	Følgjer opp intensjonane i aktivitetsplikta i det daglege arbeidet. Alle skal kjenne til	Alle tilsette

	innhaldet i plakaten og nytta den dagleg	
<b>Førebyggjande arbeid</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Klassemøter annakvar veka timeplanfesta</li> <li>-Elevrådsmøte kvar månad</li> <li>-Fadderordning for elevar på 1. og 6. trinn</li> <li>-Felles sosiale mål for skulen. Nytt kvar månad tilpassa klassetrinna.</li> <li>-Eige årshjul for arrangement på trinn, storsteam og heile skulen</li> <li>-eige årshjul for samarbeidet mellom kontaktlærer og klassekontaktar</li> <li>- Implementering av DUÅ som ein måte å møta alle elevane våre på</li> </ul>	<p>Kontaktlærer</p> <p>Kontaktlærer</p> <p>Kontaktlærarar</p> <p>Trinnleiar og teamleiar</p> <p>Teamleiar</p> <p>Kontaktlærer</p> <p>Alle tilsette</p>
<b>Trinn/storsteam</b>	<p>Skulemiljø tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Trinnmøte kvar veka</li> <li>-Storsteam annakvar veka</li> <li>-Personalmøte SFO</li> </ul>	<p>Trinnleiar</p> <p>Teamleiar</p> <p>SFO-leiar</p>



### Aktivitetsplikta, Opplæringslova §9A-4 ,1-3. ledd

#### § 9a-4. Det psykososiale miljøet

**Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.**

**Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.**

**Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.**

Skulen har felles forventningar til kva åtferd vi vil sjå. Vi er opptekne av å fremje og kommentere positive handlingar, og vi er bevisst på at dei vaksne opptrer konsekvent og samkøyrte.

#### 3 hovudkomponent:

- Bevegelse og scanning
- Positiv involvering og oppmuntring
- Handtere problemåtferd

- ✓ Plikt til å følgja med
- ✓ Plikt til å gripa inn
- ✓ Plikt til å varsla
- ✓ Plikt til å undersøkje
- ✓ Plikt til å setja inn tiltak

#### Opptreden i høve til aktivitetsplikta:

- Dei vaksne skal vere godt synlege og ber gule vestar.
- Vi har fokus på forventa oppførsel, uttrykt på ein positiv måte.
- Vi følgjer opp regler og forventningar og er konsekvente
- Vi tek barna på alvor når dei kontaktar oss
- Dei vaksne må ha kontakt med kvarandre

#### Handsaming av problemåtferd

- Tidleg involvering.
- Rask avklaring, tilbake på "post".
- Dersom elev ikkje endrar åtferd til det positive, skal kontaktlærar vars
- Vi forklarar barna vårt handlingsmønster.

Alversund skule  
August 2017



# VI BRYR OSS!